



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Vidar Lunde
Radøyvegen 988
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/528 - 16/5931

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
29.04.2016

Søknad om løyve til å felle kråke på gbnr 70/1 - Vedtak Skadefelling

Delegasjonssak nr.: 107/2016

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 29.04.2016

Det er søkt om å ta ut 3 kråke som tek lam på beite på gbnr 70/1.

Lovgrunnlag

Søknaden skal handsamast etter Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon FOR 1997-09-01 nr 1000. Skadefelling av kråke som gjer skade på beitande bufe fell under kapittel II. punkt B 2. ledd som lyder: «*Kommunen kan også gi tillatelse til felling av arter som nevnt under pkt. A, ved andre skadetilfeller enn de som fremgår av bestemmelsen*».

Videre skal retningslinjene i forskriften føljas.

Vurdering

Det er eit krav at skaden har skjedd før ein kan gje løyve til skadefelling. I Lundsåsen har dei i år mista 5 lam så langt og 4 av desse var sikkert drept av kråke. Grunneigar frykter at desse fuglane vil ta eit betydeleg antall lam i løpet av sesongen. Eit slikt tap av lam er ein vesentleg økonomisk og kjenselevart tap.

Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet for å hindre eller begrense skade, og skal ikkje brukast som eit bestandsregulerande verkemiddel. Jaktida for kråke er 15.07 til 31.03 og bestandene av kråke bør vere moglig å kontrollere med regulær jakt. Det har tidligare år ikkje vore eit problem på dette beite og det har vore forsøkt skremme tiltak for å få bakt med problemet, utan hell.

Landbrukskontoret ventar at grunneigarene, som har problem med tap av lam til kråke, gjer grep komande jakt sesong og reduserer bestanden av kråke lokalt for å unngå gjentagelse av skaden i 2017.

Vedtak

Med heimel i Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon kap.II pkt. B. gjev Landbrukskontoret Vidar Lunde løyve til å felle totalt 3 kråke. Kråkene skal felles på beite kor skaden skjer og det skal prioriteras å ta ut skadegjerende individ.

Løyve gjeld frem til og med 8/5/2016.

Rapport på fellingsresultat skal sendes landbrukskontoret så snart som mogleg, og innan 10/5/2016.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Vidar Lunde

Radøyvegen 988 5936

MANGER